

# Utviklingsprogrammet for byregioner – Fase 2: Rapportering pr. 15.02.2016

## Sunnfjordbyen

### Beskrive eventuelle organisatoriske endringer i forhold til prosjektplanen

Prosjektet Sunnfjordbyen 2 har ikkje gjort endringar i prosjektorganisasjonen. Prosjektet jobbar utfrå den organisatoriske planen skissert i opprinneleg prosjektplan.

### Evt. presisering av mål for prosjektet

Dei overordna måla for prosjektet står fast. Det vert arbeidd med å konkretisere og spesifisere mål og aktivitetar for Sunnfjordbyen 2.

### Beskrivelse av aktivitetene fram til nå

Forankringsmøte med rådmennene i dei 5 deltakarkommunane.

20 November 2015 vart det gjennomført forankringsmøte med rådmennene i dei 5 deltakarkommunane. I dette møtet blei prosjektet presentert og rådemennene gav sine innspel på retning og innhald for prosjektet.

Separate forankringsmøter med administrasjonen i kvar enkelt kommune

I løpet av hausten 2015 blei det gjennomført separate forankrings og oppstartsmøter med 4 av deltakar kommunane; Førde Kommune, Naustdal Kommune, Gaular Kommune og Jølster Kommune.

I desse møta deltok Sunnfjord Næringsutvikling som prosjektleiar samt Ordførar, rådmann og plansjefar i kommunane. Formålet med desse møta har vore å forankre prosjektet Sunnfjordbyen 2 hos leiinga i kommunane. Tilsvarande møte med administrasjonen og den politiske leiinga i Florø Kommune vil bli gjennomført i løpet av kort tid.

Tillitsprosjektet (Nordisk prosjekt i regi av Telemarkforskning)

Sunnfjordbyen deltek i tillitsprosjektet i regi av Telemarkforskning.

Samling Januar 2016.

Strategistyringsverktøy

Ei av tilbakemeldingane frå kommunane så langt i prosjektet var at dei sakna eit overordna strategistyringsverktøy som kunne brukast som verktøy for næringsutvikling og synleggjere dei overordna måla innanfor næringspolitikk overfor både administrasjonen, politikarar og publikum. Sunnfjordbyen har derfor fått utvikla eit demo av eit verktøy som skal hjelpe kommunane med dette.

### Vurdering av framdriften i arbeidet i forhold til prosjektplanen

Framdrift i Sunnfjordbyen 2 er i tråd med prosjektplanen.